



Aurora jjem til Festidalen 2020.

**Første sjans til å oppleva AURORA på ei scene i Hordaland i 2020, vert på Dønhaug. Det er også den einaste festivalen ho gjer i fylket dette året. Eventyrleg og eksklusivt. AURORA er framleis berre 23 år. Likevel har ho alt blitt streama over 200 millionar gonger, fått hylla full av prisar, og lagt land og utland for sine føter. Og ho er berre så vidt i gong.**

AURORA er eit vokalt, musikalsk og kunstnarisk talent Noreg aldri har sett maken til. Unik. Underleg. Og ulovleg dyktig. Dette er elegant elektronisk pop for lyse sommarkveldar. Høyr deg opp på til dømes Running with the Wolves, Runa way og The River før me møtes på Dønhaug. AURORA er ikkje blyg når ho går på scena. Ho vil skrika musikken. Dansa den. Og invitera publikum inn i si verd.

Dei første penselstrøka på plakaten er utført. Og med Gabrielle og AURORA malar Festidalen seg mot ei nydeleg festivalhelg i juni. Det er godt å tenkja på no i mørketida. Billettane er i sal frå i dag av, og det til tilbodspris. DET er ein julepresang som passar alle. Kjøp ein til deg sjølv også.

Kommentarar frå bookingansvarleg, DaidalosDahle:

*Kva høver vel betre enn å sleppa den største og mest særigne stjerna av alle i julemånaden? AURORA lyser over taket der han Magne bur. Og tre tusen vise og uvise jenter, gitar, kvinner og menn legg ut på vandringa mot 26.juni.*

*Me er ikkje så keisame at me feirar med røykelse og myrra. Men gull. Litt bling-bling vert det i alle fall.*

*Det er noko heilt særige med AURORA. Hoer nesten unaturleg naturleg. Tidvis tander og audmjuk, andre stunder trolsk og fandenivoldsk. Stemma vandrar frå å representera rein urkraft, til å rota fram lyden av ditt indre barn. Ho er fascinerande mystisk, ho her. Som noko mellom den skandinaviske huldra og den greske nymfa. Meir AURORA i monitor, takk.*

*Eg er overtydd om at 2020 vert eit fabelaktig Festidalen-år. Først slepp me to sterke kvinner frå kvar si side av popen. Snart slepp me nokre menn frå både rocke- og rapsida. Om ikkje dette vert kjekt, så kan du gi meg ein high-five. I trynet. Med ein barkrakk. Me gler oss!*

Tekst/foto: Pressemelding  
Nett: Kristian Bringdal